
Kontrakt for meirope bibliotek

Underskriven kontrakt gjev deg over 16 år tilgang til biblioteket i meiropen tid. For personar mellom 16 og 18 år er det krav om frammøte og signatur av føresett i tillegg.

For å nytta Vindafjord bibliotek i meiropen tid, låser du deg inn på Sjøperlo og inn i biblioteket med lånekort og pinkode. Lånekortet blir ditt nøkkelkort.

For å nytta lånekortet ditt som nøkkelkort, må du godta fylgjande reglar:

- Vis omsyn til andre, hald orden og ta vare på biblioteket ditt.
- Set deg inn i låne- og ordensreglementet og følg det.
- Kontrakten du skriv under, gir deg tilgang til meirope bibliotek. Andre kan ikkje sleppast inn.
- Bibliotek kortet og kode er personleg og du er ansvarleg for bruken av det. Mista/stjåle kort skal meldast snarast råd til biblioteket.
- Du kjem inn i biblioteket ved å registrere lånekort og pin-kode i kortlesaren ved hovuddøra inn til Sjøperlo, samt ved døra inn til biblioteket. Samstundes tek kameraet bilete av deg. Når du forlèt lokalet går døra ut frå biblioteket automatisk opp. Hovuddøra lukkar du opp ved å trykkje på nøkkelbrytar i tillegg til dør-opnaren. Dørene står opne ei stund, ver vennleg å sjå til at ingen andre enn dei du har med deg slepp inn.
- Føresette kan ta med barn inn på biblioteket. Barna kan ikkje vere utan tilsyn i biblioteket.
- Opphald i meirope bibliotek skjer på eige ansvar.
- Følg instruksar over høgtalar eller på oppslag.
- Forlat lokalet ved brannalarm. Samlingsplass ved brann er på parkeringa mellom Sjøperlo og Ølen senter.
- Bryt du reglane ovanfor, kan retten til å bruka meirope bibliotek bli inndradd.
- Hærverk blir meldt til politiet. Du blir stilt økonomisk ansvarleg for eventuelt skadeverk.
- Av omsyn til din sikkerhet, og for å beskytta inventar og utstyr, er biblioteklokalet overvaka med videokamera. Opptak blir handtert etter gjeldande lover og forskrifter.

Meir informasjon om meirope bibliotek: www.vindafjord.kommune.no/bibliotek

Eg har lese kontrakten og godtar reglane. Eg godtek at biblioteket lagrar personopplysningar gitt nedafor.

Dato:.....

Fødselsdato:.....

Namn med blokkbokstavar:.....

Lånekortnummer:.....(fyllast ut/blir sjekka av biblioteket)

Underskrift:.....

Legitimasjon:(kryss av)

For brukar mellom 16 – 18 år må kontrakten signerast av og i lag med føresett.

Underskrift av føresett og namn i blokkbokstavar:
.....